



## Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2023/2024

10. august 2023

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Prognosar gir grunnlag for å vurdere tiltak mot periodiske overskott og for råd til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer.

### Tilgangsprognose

Prognosert tilgang til industrien pr. august byggjer på arealprognose, estimerte avlingar pr. dekar korrigert for korn som går til såkorn og leigemaling og andel matkorn for kveite og rug.

Felleskjøpet Agri marknadsregulator gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2023/2024:

	Gjennomsnitt 2018-22	Tilgang 2022	Prognose 2023	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	194 900	272 200	<b>126 000</b>	65 %	46 %
Fôrkveite	104 600	109 600	<b>126 000</b>	120 %	115 %
Kveite i alt	299 500	381 900	<b>253 000</b>	84 %	66 %
Matrug	12 800	24 300	<b>13 000</b>	102 %	53 %
Fôrrug/rugkveite	25 100	35 000	<b>23 000</b>	92 %	66 %
Rug/rugkveite i alt	37 900	59 300	<b>36 000</b>	95 %	61 %
Bygg	551 200	612 700	<b>539 000</b>	98 %	88 %
Havre	243 900	303 100	<b>236 000</b>	97 %	78 %
Korn totalt	1 132 500	1 356 900	<b>1 064 000</b>	94 %	78 %
Erter	4 700	9 400	<b>8 000</b>	170 %	85 %
Oljefrø, åkerbønner	14 800	23 400	<b>20 000</b>	135 %	85 %
Korn, erter, oljefrø	1 152 000	1 389 700	<b>1 092 000</b>	95 %	79 %
Matandel kveite	65 %	71 %	<b>50 %</b>		
Matandel rug/rugkveite	34 %	41 %	<b>36 %</b>		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen viser ei oppjustering av tilgangen av korn og proteinvekstar med 75 000 tonn i forhold til prognosen i juli.

## Prognose for areal og arealfordeling

Prognosen føreset at kornarealet i 2023 samla sett er uendra i forhold til i fjor. Fordelinga mellom kornslaga er prognose frå NIBIO basert på data for omsetning av såkorn. NIBIO har lagt til grunn omsåing av 85 000 dekar haustkveite og 13 000 dekar rug. Marknadsregulator har gjort eige estimat for areal åkerbønner basert på omsetninga av såvarer:

	Arealfordeling 2018 - 2022 (dekar)					Prognose	Endring
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	frå 2022
Haustkveite	99 275	426 143	191 191	182 571	326 596	223 000	-104 000
Vårkveite	485 939	375 570	484 611	453 024	426 011	413 000	-13 000
<b>Kveite</b>	<b>585 214</b>	<b>801 713</b>	<b>675 802</b>	<b>635 595</b>	<b>752 607</b>	<b>636 000</b>	<b>-117 000</b>
Rug, rugkveite	33 166	92 842	65 200	83 071	106 492	73 000	-33 000
Bygg	1 471 834	1 298 685	1 390 682	1 427 179	1 312 696	1 403 000	90 000
Havre	694 421	547 400	665 175	684 574	631 084	699 000	68 000
<b>Korn</b>	<b>2 784 635</b>	<b>2 740 640</b>	<b>2 796 859</b>	<b>2 830 419</b>	<b>2 802 879</b>	<b>2 811 000</b>	<b>8 000</b>
Oljefrø, åkerbønner	54 723	49 605	55 904	49 312	75 877	67 000	-9 000
<b>Korn/oljevekstar</b>	<b>2 839 358</b>	<b>2 790 245</b>	<b>2 852 763</b>	<b>2 879 731</b>	<b>2 878 756</b>	<b>2 878 000</b>	<b>-1 000</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

Ein svært tørr junimånad ga dårleg utvikling av kornet, samtidig som tilgangen av grovfôr til husdyr vart lav i førsteslåtten. Ein del kornareal er gitt dispensasjon frå tilskottsregelverket for hausting til fôr, men marknadsregulator legg til grunn at det samla omfanget er lågt. Flaum har ført til neddemming av ein del areal, men det er ikkje haldepunkt for å estimere utgang av areal som følgje av dette.

## Prognose for avling i kg pr. dekar

Avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving har vurdert avlinga og gitt innspel pr. 04.08.2023.

Rådgjevarane har gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

### Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:

«Vi har gått opp 5 % på avling på bygg og havre siden sist. Hveteavlingene har vi satt opp 2 %.

Vårkornet har bedret seg en god del etter at vi nå har fått rikelig med nedbør. Det medfører også en del etterrenning av buskingsskudd. Dette vil igjen bety utsatt modning og det kan bli sein tresking for mange.

Dette gjelder spesielt vårhvete. I områder der det ikke har spirt før vi fikk nedbør, blir det trolig vanskelig å få høste. Det er og mye ugras i en del åkre.

Det er nå høstet noe høsthvete i Østfold, her ligger mye av avlingene mellom 500-700 kg pr daa. Kvaliteten ser ut til å være veldig bra, høy hl-vekt og høyt protein innhold.»

### Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:

«Etter forrige prognose har vi hatt mye nedbør og lavere temperatur. Derfor har vi satt opp prognosene noe. Vi ser mye etterrenning, men vi tror at den vil gå fram og at i de fleste tilfeller vil det lønne seg å vente til etterrenninga er moden med å treske. De åkrene som ikke spirte før regnet kom,

har nå 2 generasjoner med stor forskjell i når de blir modne. Det er usikkert om den seine generasjonen vil gå fram overalt. Særlig når det gjelder havre og hvete hvis vi får en kald høst.

Det er også usikkert hvor mye av kornet som blir slått til for. Foreløpig er det ikke så store arealer som er tatt. Bedringa i grovforsituasjonen vil også påvirke dette. Men det kan nok skje at noe av den åkeren som ikke spirte skikkelig før etter regnet vil bli slått til for.

Vårt estimat på oljefrø har vi også justert opp, men her må det føyes til at det er lite oljefrø i vårt område.»

#### **Norsk Landbruksrådgiving Østafjells (Buskerud og Telemark):**

«Det generelle bildet er at bygg og havre får med seg en 2. generasjon som bidrar til bedre avlingspotensiale enn først antatt. Vi ser mindre av dette i vårhveten. Men vi er avhengige av varme nå utover og gode innhøstingsforhold for åkrene med 2 generasjoner.

Jeg vil tippe på 2-3 uker forsinket tresking i bygg og havre. Det er nokså likt i Buskerud og Telemark.»

#### **Norsk Landbruksrådgiving Øst, Roverud:**

«Det er noen oppjusteringer da det er mye åker i området som står fint nå.»

#### **Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Stensby:**

«Det er p.t. ikke tresket noe korn i Innlandet, så prognosen er gjort med utgangspunkt i prognosen fra 7. juli.

Det har ikke vært noen tørke etter siste prognose. Etterrenning finnes i mye av kornet, både i bygg og hvete og vil nok trekke avlingspotensialet noe opp, men tresking blir sen.»

#### **Norsk Landbruksrådgiving, Viken:**

«Etter en kjølig juli med jamn tilførsel av nedbør har inntrykket i åkrene tatt seg opp noe. Særlig bygget har tetta seg en god del. Vi ser stedvis en god del etterrenning, så det er spennende når disse åkrene blir treskeklare. Nedbøren i juli har også ført til en del soppangrep.»

#### **Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Sør):**

«Åkrene står stort sett veldig fint, noen spør rekordår. Noen få arealer fikk litt ujevn spiring på grunn av ulaglige forhold i vår (særlig blant tidligst og seinest sådd). Det finnes små arealer med noe etterrenning. Lite, men noe legde etter kraftig juli-nedbør, og noen områder har hatt spesielt mye nedbør tidligere i sommer som kan ha gitt periodevis næringsmangel. Kornsesongen ser lovende ut, og det er store arealer som blir bra tidlig ferdig med forhåpentligvis gode innhøstingsforhold. Vi regner med at noe innhøsting starter rundt 20. august.»

#### **Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Nord):**

«Opprettheld prognosen for Nord-Trøndelag fra tidligare i sommar. Det står framleis fint, og ser ut til å bli god mating.»

## Prognose for avling

Tabellen under viser historiske avlinger og prognosert avlingsnivå pr. dekar i ny sesong:

### Avling, kg/dekar. Utvikling i prosent

Kornslag	2018	2019	2020	2021	2022	2023*	I forhold til 2022	Ti års median	Prognose ifht ti års median
Kveite	236	589	478	417	534	424	79 %	485	87 %
Rug/rugkveite	238	554	528	470	563	501	89 %	541	93 %
Bygg	300	460	456	429	496	408	82 %	442	92 %
Havre	226	444	471	393	508	362	71 %	434	83 %
<b>Totalt korn</b>	<b>267</b>	<b>497</b>	<b>466</b>	<b>419</b>	<b>511</b>	<b>403</b>	<b>79 %</b>	<b>467</b>	<b>86 %</b>
Oljefrø, åkerbønner	133	317	272	254	311	290	93 %	247	117 %

## Matandel for kveite, rug og havre

Fordelinga av tilgangen av kveite og rug mellom mat- og fôrkorn blir sterkt påverka av vêret før treskinga og er vanskeleg å estimere så tidleg i sesongen. Matandelen tek difor normalt utgangspunkt i ti års medianverdi for matandel. Denne er 69 % for kveite og 42 % for rug/rugkveite. Vårkveiten vil uansett vere prega av etterrenning, som reduserer kvaliteten. Haustkornet kan vere prega av blandingsvare etter omsåing. Uvêret Hans har gitt flaum over Austlandet som kan medføre svekka kvalitet. Sein utvikling og kort strå lengde reduserer risikoen for svekka kvalitet som følgje av nedbøren. Andel matkorn er etter ei samla vurdering justert ned til 50 % for kveite og 35 % for rug/rugkveite.

Klassefordeling av tilgangen av matkveite i 2023/2024 er basert på omsetninga av såkorn. Det er overlagra 22 900 tonn matkveite klasse 1 og 2 frå den førre sesongen. I tillegg er 3 000 tonn fortrent i forhold til prognosert forbruk i 2022/2023 etter ekstra auksjon av importkvote i tråd med prognosen i juli. Denne er fordelt skjønsmessig på klassane. Det er lagt til grunn at 1 000 tonn matkveite av ulike årsaker blir brukt til kraftfôr.

Frå kornkjøparane blir det meldt at det vil bli behov for å supplere norsk grynhavre med import. Grunnlaget for å estimere matandelen i havre er normalt svak så tidleg i sesongen, men utfordringane med fuktig vêr i juli og august tilseier at det er sannsynleg med behov for import denne sesongen. I prognosen er det teke høgde for import av 15 000 tonn konvensjonell havre til matformål.

Det blir lagt til grunn at all tilgjengeleg norsk matkveite blir brukt i sesongen.

### Fordeling av matkveiten (tonn)

	Tilgang ny matkveite	Overlagra frå 2022/23	Redusert forbruk august 2023	Tilgang matkveite i alt	Regulering	Tilgang etter regulering	Klassefordeling
Klasse 1	19 199	7 900	604	27 703	0	27 703	60 %
Klasse 2	48 117	15 000	620	63 737	0	63 737	
Klasse 3	30 734		718	31 452	0	31 452	21 %
Klasse 4	27 226		1 058	28 284	0	28 284	19 %
I alt	125 276	22 900	3 000	151 176	0	151 176	100 %

## Fordeling av tilgangen av korn til mat og fôr

Tabellen under viser tilgangen og fordelinga mellom mat og fôr som ligg til grunn for prognosering av balansen.

### Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat- kveite	Matrug	Fôr- kveite	Fôrrug, rug- kveite	Bygg	Havre	Erter	Fôrkorn
Frå sesongen før	26 000	5 400	0	0	14 000	11 600		25 600
Prognosert ny tilgang	126 000	13 000	126 000	23 000	539 000	236 000	8 000	932 000
Matkom til fôr/bygg, havre til mat	-1 000	0	1 000		-2 000	-19 000		-20 000
-Overlagring til ny sesong	0	0	0	0	0	0		0
-Omdisponering	0	0	0	0				0
Tilgang etter regulering	151 000	18 400	127 000	23 000	551 000	228 600	8 000	938 000

## Forbruksprognose

### Foredling av matkorn i Norge

Prognosen for totalt forbruk av matkorn hos norske matmjølmøller er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med juni i år. Prognosen er trend for siste fem sesongar.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for resten av 2022/2023 og for ny sesong 2023/2024.

Matkornforedling pr sesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021	274 214	20 609	2 795	38 138	335 756
2021/2022	273 962	17 416	2 670	37 826	331 874
2022/2023*	261 200	16 400	2 500	35 200	315 300
Prognose 23/24	266 000	16 000	2 000	35 000	319 000
Endring	1,8 %	-2,3 %	-18,7 %	-0,5 %	-3,9 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

## Produksjon av kraftfôr

Forbruksprognosane for kraftfôr baserer seg på statistikk for omsetning av kraftfôr til og med 2. kvartal i år og for statistikk og prognosar for leveransar av husdyrprodukt opp mot trend for forbruk av kraftfôr pr. kg husdyrprodukt. Prognosen er justert for at Tine registrerer auka leveranse av kumjølk og auka forbruk av kraftfôr pr ku i sommar. For 2024 er anslaga for husdyrproduksjon førebels mangelfulle og prognosen legg for denne perioden til grunn framskrivning ut frå siste kjende husdyrprognosar.

Forventa omsetning frå og med 4. kvartal i år og til og med 3. kvartal neste år er prognosert under:

Kraftfôromsetning per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K18 - 3K19	1 095 611	462 859	470 179	16 882	2 045 531
4K19 - 3K20	1 032 386	463 321	478 921	14 638	1 989 266
4K20 - 3K21	1 046 164	469 909	501 957	13 742	2 031 772
4K21 - 3K22	1 009 139	465 445	508 680	13 560	1 996 824
4K22 - 3K23*	959 409	463 953	514 765	13 400	1 951 527
<b>Prognose 23-24</b>	<b>943 000</b>	<b>461 000</b>	<b>521 000</b>	<b>12 000</b>	<b>1 937 000</b>
Endring	-6,6 %	-1,0 %	2,4 %	-11,5 %	-3,0 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

## Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Marknadsregulator gir råd til Landbruksdirektoratet om suppleringsimport av korn og kornvarer til matmjøl og kraftfôr. Dette rådet skal vere basert på prognosen.

## Minimumsimport for å sikre god kvalitet på sluttprodukt

Importvernet for jordbruksvarer er etablert for å sikre rom for avsetning av norsk jordbruksproduksjon. Foredling av korn til sluttprodukt føreset likevel bruk av ein del importerte råvarer. Rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017 drøfta rammene for minimumsimport av visse råvarer og fastslo grunnlaget for kva som bør vere minimums importnivå. Det er ikkje definert konkrete krav til kvantum av matkorn som bør vere import. Styret i Norske Felleskjøp drøfta vilkåra for eventuell import av eit høgare kvantum av råvarer til kraftfôr enn estimert minimum<sup>1</sup>.

Prognosert produksjon av kraftfôr og forventa andel karbohydratråvare i kraftfôr gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen 2023/2024 (jf. vedlegg):

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat eksklusiv kli	1 363 000	1 363 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-266 000	-360 000
Teoretisk rom for norsk fôrkorn eksklusiv kli	1 097 000	1 003 000

Tilgangen av norsk korn på 938 000 tonn til fôrproduksjon er mindre enn industrien har rom for innafor rammene for nødvendig minsteimport.

## Suppleringsimport av karbohydratråvarer til kraftfôr

Norsk fôrkorn dekkjer ein del av råvareforbruket til kraftfôr, men må supplerast med importert korn eller andre karbohydratråvarer. I tillegg blir det importert proteinråvarer, feitråvarer, vitamin og mineral. Det er import av karbohydrat som supplement til norsk korn som blir estimert i denne prognosen.

Det totale forbruket av karbohydratråvarer (inklusive korn) blir rekna ut frå den totale prognoserte produksjonen av kraftfôr ovanfor og prognosert andel karbohydrat i kraftfôret. Karbohydratandelen

<sup>1</sup> Dersom minimumsimporten ikkje sikrar råvarer som trengs for å vere tilstrekkeleg robust med tanke på å sikre dyra si helse, kan tilrådde kvoter opne rom for ein større import enn minimumsimporten (Jamfør estimert «robust importkvote» i rapporten «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017).

er basert på nivået pr 1. kvartal i år og historisk endring mellom kvartal for resten av perioden. Dette gir følgjande prognoserte forbruk av karbohydratråvarer i kraftfôr i sesongen:

Forbruk av karbohydratråvarer (tonn)		
Kraftførsal	1 937 000	
Andel karbohydratråvare	73,4 %	
Behov karbohydratråvarer		1 422 000
-Tilgang av kli frå norske matmjølmøller		59 000
Behov for karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr		1 363 000

### Importbehov av karbohydratråvarer til kraftfôr i sesongen

Basert på tilgangen av norsk korn får vi følgjande behov for supplering i form av importerte karbohydratråvarer i sesongen:

Suppleringsbehov karbohydratråvarer (tonn)		
Karbohydratråvarer eksklusiv kli i kraftfôr *)		1 366 000
Estimert rom for norsk fôrkorn i sesongen	1 097 000	
Prognosert tilgang av norsk korn til fôr i sesongen	938 000	
- Prognosert forbruk av norsk korn til fôr etter svinn **)		-929 000
<b>Importbehov for karbohydratråvare</b>		<b>437 000</b>

\*) Lagt til for importert karbo ikkje brukt i kraftfôr: 3 000 tonn \*\*) Svinn 1,0 %

Dette gir ein andel norsk korn og kli i samla kraftfôrproduksjon på 65 %.

### Importbehov matkorn i sesongen

Importkvota for matkorn vert gitt som ei samla kvote. Som grunnlag for den samla importkvota er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.<sup>2</sup>

Det er normalt underdekning av økologisk grynhavre og importbehovet er estimert til 1 300 tonn, likt med siste kalenderår. I tillegg er det føresett import av konvensjonell grynhavre.

Prognosert tilgang av matrug overstig prognosert forbruk, men det blir ikkje vurdert tiltak mot overskott på dette tidspunktet.

Ut frå forventa forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere behov for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	266 000	16 000	2 000	35 000	319 000
Norsk matkorn	-151 000	-18 400	-2 000	-18 700	-190 100
Suppleringsbehov matkorn	115 000	0	0	16 300	131 300

<sup>2</sup> Forskrift om administrative tollnedsettelsler gir ikkje grunnlag for kvote for import av havre til mat til administrert tollsats. Departementet kan gjere unntak frå forskrifta slik at direktoratet kan fastsette tollsats, men vurdering av dette blir først gjort i november.

Dette gir ein andel norsk matkorn i totalt norskforedla matmjøl og gryn på 60 %.

### Forslag om importkvotar ved auksjonen i august

Marknadsregulator foreslår importkvotar for Landbruksdirektoratet. Forslaga skal vere i samsvar med prognose. Ved tildeling av importkvotar kan Landbruksdirektoratet i augustauksjonen tildele mellom 25 og 55 % av prognosert importbehov i sesongen.

### Forslag om importkvote for matkorn

Felleskjøpet Agri marknadsregulator har lagt til grunn at 45 % av sesongbehovet blir tildelt i august, som gir følgjande forslag til importkvote for matkorn ved auksjonen i august:

<b>Prognosert suppleringsimport matkorn, august 2023 (tonn)</b>	
Prognosert importbehov matkveite og -rug, sesong	115 000
- Import under bilaterale kvoter for durumkveite	-3 000
Suppleringsimport inklusive MUL-import	112 000
Importbehov inklusive MUL-import	45 % 50 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	0
<b>Prognosert suppleringsbehov med administrert toll</b>	<b>50 000</b>

Det er ikkje søkt om MUL-lisensar for import av matkorn, men det er lagt til grunn at import av durumkveite blir som i 2022 då det vart importert 3 000 tonn.

### Forslag om importkvote for fôrkorn og andre karbohydratråvarer

Felleskjøpet Agri marknadsregulator har lagt til grunn at 40 % av sesongbehovet blir tildelt i august, som gir følgjande forslag til importkvote for karbohydratråvarer ved auksjonen i august:

<b>Prognosert suppleringsimport karbohydrat, august 2023 (tonn)</b>	
Prognosert behov for import i sesongen	437 000
- Kvoter for mais og maisgrits - EU	-25 000
- GSP-import melasse	-40 000
Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar	0
Suppleringsimport inklusive GSP-/MUL-import	372 000
Importbehov sep-nov inklusive MUL-import	40 % 149 000
- MUL-lisensar august-november	-7 500
<b>Prognosert suppleringsbehov med administrert toll</b>	<b>142 000</b>

For import frå MUL-land er det fri tilgang til import etter godkjenning av lisensar. Denne importen skjer uavhengig av tollkvotetildelinga og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll. Det er gitt tollfri kvote for suktermelasse frå GSP-land på 40 000 tonn pr. år. Industrien har vidare tilgang til tollfri årleg import av inntil 15 000 tonn mais og 10 000 maisgrits frå EU.

I august korrigerer vi også for at importen av MUL-varer i den siste perioden av den førre sesongen er mindre enn tildelte lisensar. Det vart ikkje søkt om lisensar for perioden april-juli i år.

### Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Forbruket har vore relativt stabilt den siste tiårsperioden. Sett mot prognosert tilgang av norskprodusert oljefrø, korrigert for estimert 65 % andel åkerbønner og estimert forbruk til matolje, har bransjen behov for følgjande suppleringsimport i sesongen:



<b>Importbehov oljefrø 2023/2024 (tonn)</b>	
Forbruk til kraftfôr	11 000
- Tilgang norsk oljefrø	-7 000
+ Forbruk til matolje	1 400
<b>Importbehov oljefrø</b>	<b>5 000</b>

Underskottsområda har trong for tilførsel av importert oljefrø frå starten av sesongen og Felleskjøpet Agri marknadsregulator foreslår å tildele 55 % av kvoten i august.

Dette gir ei kvote for import av oljefrø i august på 3 000 tonn.

## VEDLEGG

### Minste import av karbohydratråvarer

Marknadsregulator har vurdert minste behov for import av matkorn og kornråvarer til kraftfôr (karbohydratråvarer).<sup>3</sup> Denne vurderinga blir lagt til grunn i sesongar der tilgangen av norsk fôrkorn er så stor at det påverkar rommet for import av essensielt viktige karbohydratråvarer. Tabellen under viser resultatet av vurderinga i 2017 og aktuelle føresetnader for sesongen 2023/2024:

Importvurdering karbohydrat (tonn)	Rapport 01.12.2017		Denne sesongen	
	Minimum	Robust	Minimum	Robust
<b>Kraftfôromsetning</b>	1 971 781		1 937 000	
Behov for betepulp/roesnittar	75 000	90 000	74 000	88 000
Behov for mais	50 000	70 000	49 000	69 000
Behov for melasse	60 000	60 000	59 000	59 000
Behov for økologisk vare		15 000	15 000	15 000
Behov for kveite	200 000	250 000	196 000	246 000
Behov for fiberråvare	50 000	70 000	49 000	69 000
<b>Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer</b>	<b>435 000</b>	<b>555 000</b>	<b>442 000</b>	<b>546 000</b>
Norsk kveite til fôr inneverande sesong			-127 000	-127 000
Norsk kli inneverande sesong			-49 000	-59 000
<b>Suppleringsimport karbohydratråvare</b>			<b>266 000</b>	<b>360 000</b>
Behov dekt av bilaterale kvoter - mais og melasse			-65 000	-65 000
Importbehov fiber dekt av MUL-import			0	0
Importbehov melasse dekt av MUL-import			-7 500	-7 500
Korreksjon for svinn			9 000	9 000
<b>Minimumskvoter til auksjon</b>			<b>203 000</b>	<b>297 000</b>

Prognosert produksjon av kraftfôr gir følgjande potensielle rom for norsk fôrkorn i sesongen:

Minimumsbehov for import av karbohydrat (tonn)	Minimum	Robust
Minstekvoter for auksjon i sesongen	203 000	297 000
+ Kvoter for mais og maisgrits - EU	25 000	25 000
+ Kvoter for roemelasse - GSP	40 000	40 000
+ MUL; importert og lisensiert import	7 500	7 500
<b>Minimumsimport i sesongen</b>	<b>275 500</b>	<b>369 500</b>

Det teoretiske rommet for norsk korn er vist i tabellen under:

Rom for norsk korn (tonn)	Minimum	Robust
Totalt behov for karbohydrat eksklusiv kli	1 363 000	1 363 000
Minimumsbehov for import i sesongen	-266 000	-360 000
<b>Teoretisk rom for norsk fôrkorn eksklusiv kli</b>	<b>1 097 000</b>	<b>1 003 000</b>

Det er prognosert mindre tilgang av norsk fôrkorn enn rom for fôrkorn. Industrien sitt behov for kritiske råvarer kan difor bli dekt ut over minimumsbehovet.

<sup>3</sup> Rapport «Rom for bruk av norsk korn» av 01.12.2017

## Forventa avvik i prognoseringa

Prognosane vil vere usikre. Tabellen under viser gjennomsnittlege absoluttverdiar av avvik i ei femårsperiode, for ulike prognosetidspunkt.

Avvik mellom prognoserte og registrerte kvanta 2016-20				
		Snitt absoluttverdiar		
		August-prognose	November-prognose	Mai-prognose
Tilgang	Kveite	7 %	2 %	0 %
	Bygg	9 %	2 %	0 %
	Havre	10 %	2 %	0 %
	Korn	6 %	2 %	0 %
Forbruk	Drøv	3 %	3 %	1 %
	Svin	3 %	3 %	2 %
	Fjørfe	3 %	4 %	1 %
	Kraftfôr	1 %	1 %	1 %
Forbruk	Matkveite	2 %	2 %	2 %
	Grynhavre	10 %	8 %	8 %
	Matkorn	2 %	2 %	1 %

## Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Fôrkveite	Kveite i alt	Matrug	Fôrrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21	225 499	83 046	308 545	7 627	25 750	33 377
2021/22	186 473	63 170	249 643	16 343	22 045	38 389
2022/23	272 243	109 635	381 878	24 258	34 958	59 216
10. juli	153 000	69 000	222 000	12 000	17 000	29 000
<b>Prognose</b>	<b>126 000</b>	<b>126 000</b>	<b>253 000</b>	<b>13 000</b>	<b>23 000</b>	<b>36 000</b>

## Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite <sup>1)</sup>
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21	611 875	296 559	1 250 356	3 819	15 323	23 001
2021/22	581 344	254 959	1 124 335	3 271	12 564	20 060
2022/23	612 705	303 095	1 356 894	9 355	23 420	32 806
10. juli	528 000	220 000	999 000	9 000	9 000	-
<b>Prognose</b>	<b>539 000</b>	<b>236 000</b>	<b>1 064 000</b>	<b>8 000</b>	<b>20 000</b>	<b>-</b>

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Bli rekna som fôrrug i statistikk og prognose. Første prognose i november.